

Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 6. april 2022 kl. 12.15.

Stad: Seminarrom 217, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik og Lene M. Johannessen.

Frå gruppe B: Runa Falck.

Frå gruppe C: Hanne Svanholm Misje.

gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg, Jihad Ammar Al-Mahdi.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg (sjå <https://www.uib.no/fremmedsprak/23599/medlemar>).

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – Godkjenning av referat frå møtet 2. februar 2022

Referatet vart sendt ut med e-post 2. februar i år. Det har ikkje kome merknader innan fristen, og referatet er dermed godkjent. Sjå <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>

Sak 3 – Orienteringssaker

- a) Ny forskingskoordinator ved IF
- b) Arbeidet med å få etablert ein mastergrad i japansk
- c) Utviklinga i studiepoengproduksjonen ved IF 2019-2021 (vedlegg 1)

Sak 4 – Arbeidet med prinsippa for den vitskapelege bemanningsplanen ved HF (vedlegg 2)

Rådet blir invitert til å drøfta spørsmåla om prinsippa som skal liggja til grunn for bemanningsplanen, med utgangspunkt i det vedlagte notatet. Saka har tidlegare vore lagd fram for instituttrådet 8. desember 2021 (sak 4) og 2. februar 2022 (sak 5). Sjå <https://www.uib.no/fremmedsprak/145579/instituttrådet>. Fakultetsrådet vil dessutan senda ut saka som høyringssak til instituttråda i mai.

Sak 5 – Samtale om strategiarbeidet ved instituttet

Påtroppande instituttleiar Martin Paulsen orienterer om strategiarbeidet på dei ulike nivåa i UiB-organisasjonen og inviterer til drøfting av den vidare strategiprosessen ved instituttet.

Sak 6 – Ymse

Martin Paulsen
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef